



Sak 5.1/2026:

Anskaffing av nettbrett til klubbleiarar

Bakgrunn

Klubbleiarar i Fagforeininga har ei sentral rolle i å støtte medlemmar, sikre at lover og avtalar blir overhaldne, og vere bindeledd mellom arbeidstakarar og arbeidsgjevar. I mange bransjar, særleg innan helse og andre skiftbaserte yrke, er det ikkje alltid mogleg å møte kollegaer fysisk. Digital kommunikasjon er derfor ein viktig del av det daglege tillitsvalte arbeidet.

Mange oppgåver som klubbleiarane har ansvar for, skjer digitalt – som godkjenning av turnusar, oppfølging av medlemmer, handtering av sensitive dokument og bruk av system som KL*AR, itslearning og LO favør-appen. Samstundes må mange bruke privat PC eller nettbrett til slike oppgåver, noko som ikkje er optimalt verken med tanke på personvern, tryggleik eller effektivitet. Tilgangen på datamaskiner på arbeidsplassane er også ofte avgrensa.

Behov

For å sikre trygg og effektiv handtering av digitale arbeidsoppgåver, samt god oppfølging av medlemmar, er det behov for at klubbleiarar har tilgang til eigna og sikker maskinvare. Eit felles digitalt verktøy vil også forenkle overføring av informasjon ved utskifting av klubbleiar, då alt arbeid kan halde fram på same eining.

Forslag til løysing

Styret tilrår at Fagforeininga kjøper inn nettbrett til dei klubbleiarane som har behov for dette og som ber om det. Nettbretta skal brukast til utføring av tillitsvalte arbeidet og handtering av digitale system og verktøy.

Nettbretta skal vere Fagforeininga sin eigedom og skal leverast tilbake når ein går ut av rolla som klubbleiar, slik at eininga kan nyttast vidare av neste tillitsvald.

Økonomi

Styret føreslår å setje av ei ramme på **inntil kr 100.000,-** for året **2026** til kjøp av nettbrett. Midlane skal takast frå foreininga sine oppsparte midlar(eigenkapital). Summen vil dekke innkjøp av eit tilpassa tal nettbrett ut frå faktisk behov.



FAGFORBUNDET
Sogndal

Konklusjon

Tiltaket vil styrkje dei digitale arbeidsvilkåra for klubbleiarane, betre kvaliteten på oppfølginga av medlemmar og bidra til tryggare behandling av sensitive opplysningar. Innkjøp av nettbrett vurderast som ein nødvendig og hensiktsmessig investering.

Styret si innstilling:

Styret hadde saka oppe på styremøte den 15.januar 2026, og støttar innkommen forslag. Styret tilrår årsmøte å støtte innkommen sak, slik den føreligg.

Saksfremjar:

Caroline Olene Sætrehaug

Klubbleiar v/ Sogndal helse og omsorgssenter , langtidsavdeling 3.etasje.